




## Støl og gard i jernalderen på Vestlandet

Rundt 1980 byrja arkeologane å bli klar over at det finst jernalderstufter i fjellet på Vestlandet, og dei mange vassdragsutbyggingane gav mykje kunnskap om bruken av fjellet (Gustafson 1982; Kvamme & Randers 1982; Bjørge et al 1992; Randers & Kvamme 1992). Det siste tiåret er det registrert mange nye lokalitetar med tufter i fjellet i Sogn og Fjordane og Hordaland. Dei fleste er oppdaga ved arkeologiske registreringar utført av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, og kunnskapen om dei er for

noko avgrensa. Ein del er likevel godt dokumenterte med foto og teikningar, og me har også eit utval dateringar. Dette gjer det til ei viss grad mogleg å samanlikna og diskutera tuftene og lokalitetane dei høyrer til. Me vil også sjå i kva grad me kan knyta tufteområda i fjellet til ein, eller fleire gardar. Kva har utmarksområda hatt å seie for den økonomiske statusen til desse gardane?

Ein av dei mest systematisk undersøkte tuftelokalitetane på Vestlandet er Svolset i Friksdalen i Leikanger (Magnus 1985; Skrede 2002). Kunnskapen frå Svolset vil bli




**Figur 1.** Kart med alle omtalte tuftelokalitetar. Merk at dei fell saman med område med mange kjende førhistoriske kulturminne i midtre og indre fjordstrokk.

nytta som referansemateriale for andre tufteområde som me har mindre kunnskap om. Me har studert kva gard(ar) som har hatt råderetten over Svolset. Metodikken som vart brukt i denne analysen vil bli testa ut på 12 andre tufteområde i Sogn og Fjordane og Hordaland (Figur 1 og 5). I tillegg vil fleire andre tufteområde bli trekt inn i diskusjonane.

## Tufteområdet Svolset i Friksdalen i Leikanger kommune

På Svolset er det registrert 16 tufter (Figur 2). Dateringane ligg mellom om lag 200 og 1000 e.Kr. I tillegg er her registrert over 50 kokegroper, mellom anna er eit felt med 10 kokegroper samla, kalla «Eggekartongen». Det er registrert 10 skålgropsteinar. Tre av dei ligg samla, den eine med 50 skålgroper.




**Figur 2.** Oversikt over kulturminne på øydestølen Svolset: tufter, skålgropsteinar (firkant) og kokegroper (sirklar). Alle kulturminna er målt inn med GPS.

Om lag 5 km lenger nede i Friksdalen ligg Heimste Friksdal. Denne stølen vart teken i bruk på 1200-talet. Til saman er her registrert åtte tufter og ruinar, fleire kokegroper og to skålgropsteinar. Alle desse tuftene har mindre bruksareal enn 20 m<sup>2</sup>.

Dei fleste tuftene på Svolset er rektangelforma med ein open gavl. Ni tufter har minst to rom, medan sju berre har eitt rom. Mange tufter trer tydeleg fram i terrenget med godt synlege og solide tørrmurar. Bruksarealet i kvart rom varierar mellom ca. 6 kvm og 30 kvm, medan det totale bruksarealet i tuftene varierar mellom 6 kvm og 47,5 kvm. Enkelte tufter har i dag så godt som intakte murar. I nokre av tuftene er det i tillegg brukt ståande heller på innsida av veggane. Dette kjenner me også frå Bjørndalen (Furnes 2001:25 ff). Andre tufter framtrer i dag som meir uregelmessige.

Ei tuft er totalgraven (Magnus 1985:11) (Figur 3). Dette ser ut til å vera ein treskipa bygning med indre treveggar av ståande plank, der taket truleg har kvilt på dei oppmura veggane. Denne type konstruksjon kjenner me att mellom anna frå Nyset-Steiggje (Bjørge et al. 1992:304) og i Gudmedalen (Indrelid 1988:111). Funn av never tyder på at taket har vore tekt med never og torv. Dette er også kjent frå andre fjellområde i Sogn (Gustafson 1982:29). Eldstaden, dei to kokegropene og gjenstandsfunna syner at tufta har husa menneske.




Figur 3. Planskisse over tuft 11. Denne tufta er totalgreven.

### Kva bruk kan me knyta til tuftene?

Ved å studera kor solid bygningen er bygd, kor vidt der er registrert eldstad, om det er hellelagt plattung, kor vidt det er funne gjenstandar og storleiken på rommet, trer det fram eit mønster som langt på veg kan vera til hjelp i tolkinga av bruken (Skrede 2002:92; 2005:36). Der det er påvist eldstad er det oftast også solid mur, bruksareal over 20 m<sup>2</sup>, plattung utanfor bygningen og gjenstandsfunn. Rom med påvising av alle desse trekka blir rekna som sikre bustaddelar. Det gjeld 6 rom. Det er vanskeleg ved eitt enkelt prøvestikk å påvisa eldstad og plattung. Kor

vidt ein finn gjenstandar, blir også tilfeldig. Det er såleis sannsynleg at rom som manglar ein eller to av dei nemnde kjeldekategoriene, også kan ha hatt denne nytten. I så fall er det ytterlegare fem rom som har husa menneske. Det er også eitt rom til som truleg har vore nytta som bustaddel, trass i at her berre er påvist eldstad og bruksareal over 20 m<sup>2</sup>. Ut frå dette er det truleg 11 rom som har vore nytta som bustaddel på Svolset. Åtte av desse er eine rommet i toromstuffer.

Ti av tuftene på Svolset har sikkert vore i bruk seinast frå folkevandringstid (Skrede 2002:90) (Figur 4). Berre ei av dei daterte tuftene har ikkje spor etter bruk i eldre jernalder. Rundt år 1000 ser det ut til at det ikkje lenger var drift på Svolset.



Figur 4. Datering av tuftene på Svolset.

## Kva aktivitet har det vore på Svolset?

Pollenundersøkingar har vist at Friksdalen vart teken i bruk som beitedal i bronsealderen (Magnus 1986:48). To daterte kokegropar knyter menneske direkte til dalen i denne perioden. Truleg har dei også laga skålgropar medan dei heldt til her. Åtte av kokegropene er daterte, og strekkjer seg i tid frå sein bronsealder til merovingartid. Frå 200-talet vart det mykje meir aktivitet. Den fyrste bygningen vart truleg teken i bruk på 200-talet (Skrede 2002:47) (T-15429), og i løpet av 200 år veit me at minst 10 bygningar vart tekne i bruk. Dei fleste daterte kokegropene er samstundes med tuftene. To av kokegropene i «Eggekartongen» er daterte til overgangen mellom romartid og folkevandringstid. To slike anlegg er også registrerte på Bråstøl i Valldalen (Birkenes 2007). Også dei er samstundes med tufter der, frå siste del av romartid. Gjenstandsfunna syner at dei i tillegg til stølsdrifta nytta tida til andre aktivitetar som til dømes tekstilhandverk; handteinsnelle og vevlodd viser at her har blitt spunne og vevd (Skrede 2005:38). Celten har vore brukt som jordbrukshakke, eller til arbeid i tre (Solberg 2000:237). Perlene viser at kvinner heldt til her, og at dei pynta seg. Eldstadar og kokegropar saman med eldslagningssteinar og skar av spannforma leirkar og kleberkar viser at det har blitt foredla og stelt i stand mat.

## Representerar Svolset eit typisk tuftekompleks i fjellområda på Vestlandet i jernalderen?

Svolset skil seg til ei viss grad kvantitativt frå andre tuftekompleks i fjellet. Sjølv om store fjellområde er undersøkt i Sogn og Hardanger, har det oftast ikkje vore påvist meir enn 8 tufter samla innan eit avgrensa område. Det er få stadar at det er tilnærma like mange tufter. I Tverrelvaområdet i Voss kommune er det registrert til saman 26 tufter på tre stølsvollar. På den øvste av dei tre stølane, Kvitlastølen, er det registrert 17 tufter, røyser, kokegroper og to skålgropsteinar, den eine med ca 50 groper (Valvik 2002). Desse ligg innan eit avgrensa område, og minner såleis om Svolset. Ei av tuftene er datert til mellom 1225 og 1300 (T-16104). Dei andre tuftene er tolka til å vera frå jernalder og mellomalder. I fleire av tuftene er det funnmateriale frå eldre og yngre jernalder. Den eldste tufta i området er datert til siste del av bronsealderen (T-16103). I Hølseteli i Sogndal er det registrert 22 tufter (Bjørkli 2008). To av tuftene er daterte, den eine til vikingtid (790-960 e.Kr) og den andre til mellomalderen (1160-1270 e.Kr).

I Gudmedalen i Flåmsdalen (Indrelid 1988:111) er det registrert 14 tufter. Både i Bjørndalen og på Steinsete er det registrert 10 tufter (Furnes 2001:24 ff). På Skjerdingsdalssætra på Strynefjellet er det registrert 11 tufter (Valvik 2010). Tidlegare er det påvist øydestølar lenger inne i Skjerdingsdalen med dateringar av tufter frå yngre jernalder til mellomalder (Randers 1992). Kokegroper er daterte til romartid. På stølen Revhaugen i Myrkdalen i Voss er det registrert rundt 10 tufter med form og utsjånad som tyder at dei er frå førhistorisk tid (Birkenes 2008). Dateringane frå tuftene på Svolset strekkjer seg over om lag 700 år, frå siste del av romartida til slutten av vikingtida. Dei fleste tuftene var i bruk allereie i eldre jernalder. Jamnt over har andre fjelltufter på Vestlandet den same dateringsramma som tuftene på Svolset.

Dei eldste kjende tuftene som truleg kan knytast til stølsdrift på Vestlandet ligg ved Bjølsegrøvassdraget i Kvam herad og er daterte til tidleg førromersk jernalder (Valvik 2001). På Varli er ei tuft datert til overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder (T-14901). Kulturlaget i ein hellar like ved tufta har sams datering (T-14902). Lenger aust, på Bjølsegrøstølen, er ei tuft datert til førromersk jernalder (T-14906). I tillegg til ei undersøking av vegetasjonshistoria i Bjølsegrøvassdraget, vart det gjort pollenundersøkingar på to av tuftelokalitetane; Varli og Bjølsegrøstølen. Pollenundersøkingar ved tuftene synte klare beiteindikatorar frå yngre steinalder og ei auke i same periode som tuftene og hellaren var i bruk (Overland 2001). Også pollen knytt til åkervekstar vart påvist ved undersøkinga oppe i fjellet, og er tolka til å vera ført opp med dyr på beite, som i delar av året har tilhald på gardane nede ved fjorden. Tufter frå romartid er funne i Nyset-Steiggje (Bjørge et al. 1992), på Bjergane i Stølsheimen (Valvik 1998), på Bråstøl i Valldalen i Røldal (Birkenes 2007) – samt på Svolset. Ein fastare gardsstruktur ligg truleg til grunn for stølstuftene i høg fjellet. Kanskje kan dei eldste tuftene i stølsområde på Vestlandet knytast til etablerte gardsstrukturar i låglandet.

70 % av tuftene på Svolset har to rom. Det er eit heller sjeldan trekk. Toromstufter er mellom anna registrert i Bjørndalen (Furnes 2001:24 ff), på Steinestølen i Tverrelvaområdet (Valvik 2002), på Bakken i Valldalen (Valvik 2009), på Skjerdingsdalssætra (Valvik 2010) og ei i Hølseteli (Bjørkli 2008:15). Det er langt på veg samsvar når det gjeld storleiken på fjelltuftene. Omtrent alle har eit areal mellom 12 m<sup>2</sup> og 30 m<sup>2</sup> (Indrelid 1988:111; Bjørge 1992:304; Valvik 2000; 2002). Dei fleste har same form som tuftene på Svolset – rektangelforma med

ein open gavl, men avvik likevel med meir avrunda hjørne. Ved nokre høve er inngangspartiet på den eine langsida, til dømes i tuft 6 på Svolset (Skrede 2002:44) og tuft 4 på Steinstølen i Tverrelvaområdet (Valvik 2002:18). Hellelagt platting utanfor inngangen er berre påvist i enkelte høve i Årdalsfjella (Kristoffersen 1992:234 ff) og i Tverrelvaområdet på Voss (Valvik 2002). Det er ofte fleire gjenstandsfunn i slike område. Dette gjer tolkinga av aktivitetsplass sannsynleg.

Det er vanleg at eldstaden ligg i midtlinja nær den indre kortveggen (Bjørge 1992:304). I tuft 8A på Svolset var eldstaden hellelagt, eit trekk som mellom anna også er påvist ved den eine tufta i Gudmedalen (Indrelid 1988:111), i tuft 10 på Kvitlastølen (Valvik 2002) og på Tveddal i Jondal (Aksdal/Valvik 2004). Det er få gjenstandsfunn frå tuftene i høgjellet i Sogn og Fjordane og Hordaland (Randers & Kvamme 1992:15). Dette skuldast for ei stor grad registreringsforma med prøvestikk.

Pollenundersøkingar i Skjerdingsdalen syner ein tydeleg beitefase som speglar bruken av stølsområdet/stølsdalen i merovingartid og fram i mellomalderen. Kokegroper frå romartid kan truleg knytast til opphald i samband med beiteaktiviteten i dalen. Den vegetasjonshistoriske undersøkinga syner, slik som på Svolset, menneskeleg påverknad i dalføret også før etableringa av tufter i jernalderen (Randers & Kvamme 1992; Valvik 2010:36).

## **Kven rådde over Friksdalen i jernalderen og mellomalderen?**

Kven som rådde over Friksdalen i jernalderen og mellomalderen kan gjerast sannsynleg ut frå kva gardar som eksisterte samstundes med drifta der. Sidan gardane Henjum, Røysum, Holen og Nybø i nyare tid har rådd over Henjadalen med sidedalar, er det naturleg å ta utgangspunkt i desse gardane.

På Henjum og Røysum er det kjent til saman 33 graver, alle truleg frå jernalderen. Gravene ligg i hovudsak nær dei to tuna. På Røysum har mange av gravene lege på ein terrassekant aust og sør for tunet. Desse gravene kan ha vore territoriemarkørar, og då kanskje for eit felles ressursområde Henjum/Røysum. Mange av desse gravene er daterte til folkevandringstida, og fleire var rike kvinnegraver. Det er mellom anna funne fleire bronsespenner og smykker, samt våpen som t.d. spyd og sverd. Gravene tyder på at desse gardane har vore store og rike allereie i jernalderen.

Henjum er tidlegast omtala i skriftkjelder i 1329 då 10 månedsmatabol (mmb) av garden vart solgt av Ogmund Lange til drottseten Erling Vidkunsson (DN I nr. 168). Medan Lange var kjøpmann i Bergen, var Erling Vidkunsson ein av dei fremste og mektigaste mennene i landet (Helle 1982:344). Dette viser at tidleg på 1300-talet hadde personar utanfor bondesamfunnet eigarinteresser i garden. Henjum var samstundes delvis i preste- og kyrkjeieige (BK 48a). Bergens Kalveskinn er den eldste skriftlege kjelda der me finn Røysum omtala (BK 48a). Dermed veit me at Røysum var eigen gard midt på 1300-talet, og truleg bak i førhistorisk tid.

Skattematrikkelen frå 1647 er den eldste kjelda som kan seia noko om den faktiske og relative storleiken til gardane i bygda. Dei åtte bruka på Henjum betalte til saman 33 laupar smør, medan dei to bruka på Røysum betalte til saman 8,2 laupar smør (ls). Gjennomsnittet i Systrond skippreide var 8,1 ls. Det viser at Henjum ut frå landskylda hadde 4 gonger større produksjon enn gjennomsnittet av alle gardane i skippreida, medan Røysum ut frå desse tala

kan reknast som ein gjennomsnittleg stor gard i bygda. Gjennomsnittstala løyner likevel den faktiske storleiken til gardane. Fire av gardane i bygda skil seg ut som mykje større enn dei andre. Dersom me ser vekk frå desse, er gjennomsnittet av «normalgardane» 4 laupar smør.

Me kjenner ikkje til den samla landskylda til bøndene på Henjum og Røysum frå tida før 1647, men i fylgje Andreas Holmsen betalte leiglendingane på Henjum over 100 månadsmatar (mm) i landskyld tidleg på 1300-talet (Holmsen 1937). Det er vanleg å rekna med at skattematrikkelen frå 1647 viser tilbake på eldre forhold. Ut frå gravmaterialet og landskylda er det truleg at både Henjum og Røysum er store og gamle gardar. Det er truleg at desse gardane har hatt bruksrettar i Friksdalen i mellomalderen, og det kan vera desse gardane som har rådd over ressursane der også i jernalderen. Henjum peikar seg likevel ut som hovudgarden.

I heile Leikangerbygda er det eit vanleg fenomen at bruka til ulike gardar ligg om ein annan. Henjum, Røysum, Holen og Nybø er del av eit slikt innfløkt eigedomssystem. Det samla ressursområdet til desse gardane er samanhengande, og har stort sett naturlege topografiske grenser. Gardane har eit felles utskiftingskart frå 1864/1865. Saman med at eigedomen til gardane ligg om ein annan er det ein god indikasjon på at me kan trekka dette sambandet bak i tid. Holen og Nybø er delt frå dei to andre gardane i nyare tid. Det kan likevel ikkje slåast fast at det er Henjum og Røysum som har rådd over Friksdalen i jernalderen utan å sjå nærare på forholda i bygda elles.

Alle gardane i bygda som kan trekkast bak i mellomalderen, har i nyare tid hatt beiterettar i utmarka – eit trekk som truleg går tilbake til førhistorisk tid. Ein gjennomgang av dei ulike utmarksområda og fjellstølane i bygda viser at gardar med geografisk nærleik ofte nyttar den same utmarka og dei same stølane (Skrede 2002:122). På bakgrunn av kva gardar som nyttar den same stølen kan me gruppera mellomaldergardane i Leikangerbygda. Dette tyder også på sams eigedomsopphav mellom enkelte gardar.

Det var fire kyrkjer i mellomalderen i Leikangerbygda som kravde inn landskyld frå gardane dei var deleigarar av. Henjum var ein av gardane med eiga kyrkje. Av tabellen ser me at fleire gardar ytte landskyld til kvar kyrkje. På bakgrunn av gjennomgang av stølsrettar og kva kyrkjer som eigde dei ulike gardane, meiner me å kunne skilja ut visse mønster. I hovudsak ser det ut til at gruppene av gardar opptre rundt dei fire gardane med kyrkje i mellomalderen: Hamre, Husabø, Henjum og Njøs. I tillegg vil me skilja ut den garden som er femte størst ut frå landskylda i 1647, Grinde. Grindsdalen ligg isolert frå dei andre gardane i bygda, og det er sannsynleg at dette området er skilt ut som eige ressursområde på eit tidleg stadium. Dei store bronsealderrøysene syner også dette. Nærværet av kyrkjer på større gardar og kartmaterialet tyder på at bygda på eit tidleg stadium er blitt delt i ressursområde lokalisert rundt dei fem største gardane etter landskylda i 1647. Den totale storleiken på kvart av dei fem ressursområda er overraskande lik.

Det samla kjeldematerialet peikar mot at det på Svolset i folkevandringstid og fram til vikingtid har føregått ein storstilt utmarks- og vareforedlingsaktivitet som var styrt frå Henjum, som truleg også omfatta Røysum i fyrste fasen. Plasseringa av folkevandringstidsgravene tyder på at Henjum og Røysum har vore del av det same ressursområdet på denne tida, og at gravene skal sjåast som territoriemarkørar. Utmarksressursane har truleg spela ei viktig rolle for å oppnå rikdom. Henjum peikar seg ut som eit knutepunkt for organisering av husdyrprodukta og

eventuelle andre utmarksvarer som vart produsert og tilverka i Friksdalen i sommarhalvåret. Slike varer kan ha vorte konvertert til andre verdiar og rikdomar i eit økonomisk system, organisert av lokale stormenn. Kvifor området gjekk ut av bruk i slutten av vikingtid, er likevel ikkje fullt ut klårlagt. Det var fortsatt stormannssete på Henjum i tidleg mellomalder, men utmarksbruken ser ikkje lenger ut til å spela same rolla som tidlegare.

## Forholdet gard og støl

Det er i lita grad utført undersøkingar av forholdet mellom gard og støl på Vestlandet. Ut over undersøkingane i Friksdalen og på gardane Henjum og Røysum, er det mellom anna gjort undersøkingar på gardane Lee, Ormelid og Grinde i Vestlandsgårdsprosjektet (Julshamn et al 2002), samt på Kroken i Luster (Stang 2003). Kan undersøkingane som er gjort på forholdet mellom gard og støl på Leikanger overførast til andre område på Vestlandet? Me har sett på alderen og storleiken til nokre av gardane som i dag rår over store tuftesamlingar, og om der var mellomalderkyrkje. Me har også studert kven som eigde gardane i 1647, og til ei viss grad drege dette bakover i tid.

## Sogn

Det er i dag garden Åberge som eig området der tuftene i Høseteli ligg. Det er ingen kjende gravminne på Åberge, men garden er nemnt i BK. Der kan me lesa at det vart betalt jordleige til Åberge kyrkje og Kristkyrkja i Bergen (BK 33a, 35b). At garden også hadde eige kapell i mellomalderen viser at den har akkumulert eit ikkje ubetydeleg overskot. Dette gjev indikasjon om at garden kan førast bak i førhistorisk tid. Åberge var ut frå jordleiga i matrikkelen i 1647 den nest største garden i Sogndal skipreide, berre Kvåle var større. Leiglendingane på Åberge betalte til saman 20,9 ls i jordleiga til ulike stormenn, kongen og lokale kyrkjer.

Tuftene i Gudmedalen ligg i dag på garden Indreli. Det er registrert to hellekister på garden, og funn av eit sverd frå yngre jernalder. BK er den eldste skriftlege kjelda som omtalar Indreli (BK 47b). Leiglendingane på Indreli betalte då jordleige til presten ved Flæte kyrkje i Arnafjorden. I 1647 betalte Indreli 6 ls i jordleige; 3,5 ls var Allehelgens gods. Dette kan vera tidlegare krongods. 2,5 ls var ått av presten i Aurland, kan henda den same parten som er omtala i BK.

Det er garden Ølmheim som eig tufteområdet Steinsete. Det er minst fire kjende gravminne på garden. I den eine vart det funne ein bronsekjele med bein og oske. Ølmheim er nemnt i ei skriftleg kjelde allereie i 1308 (DN IX 96), samt omtala i BK (36a). I 1647 betalte leiglendingane på Ølmheim 11 ls i jordleiga til Apostelkyrkja og prestebølet i Sogndal.

Tuftene i Bjørndalen høyrer til garden Øyre. Det er kjent eitt gravminne på garden. Øyre er fyrste gong nemnt i skriftlege kjelder i BK (35b, 36a). Trass i at det finst gravminne på garden, og at den er omtala i BK, betalte Øyre berre 1 ls i landskyld i 1647. Det vart betalt jordleiga til prestebølet ved Eggum kyrkje, samt kyrkja på Ølmheim. Heile garden var i bondeei.

I Vikadalen i Årdal ligg fem tufteområde med til saman 12 tufter frå jernalderen. Desse ligg i dag under Hovland og Naddvik. Gardane ligg saman i eit avgrensa landskapsrom, til dels med jordeigedomar som ligg om ein annan. Dei har også felles stølsveg. Det har vore minst 16 gravminne på Naddvik og Hovland. Gardane er fyrste gong nemnt i BK (41b, 42a), då brukarane der skulle betala jordleiga både til kyrkja og presten i Årdal. Ut frå lanskylda i 1647 var gardane mellom dei største i Årdal skipreide. På det tidspunktet var halve Hovland



krongods, 48 % var i adelege hender, medan 2 % var eigd av presten av Lærdal. Denne parten ser ut til å ha vore stabil heilt sidan midten av 1300-talet (BK 42a). Naddvik var delt mellom kongen, Lærdal prestebol, kyrkja i Årdal og lensmannen i Luster. Mykje tyder på at Naddvik og Hovland i tidlege tider har vore ein gard.

Ein annan lokalitet i Nyset-Steiggje, Fossdalen, ligg under Lægreid. Her er minst tre kjende gravminne frå jernalderen. I den eine er det funne ei vevskei og klinknaglar til båt. Det kan vera ei kvinne som er gravlagt i ein båt. Slike båtgraver er sett i samanheng med høg status i yngre jernalder. I tillegg til dei tre gravene på Lægreid, har det lege eit gravfelt med minst tre haugar på Årdalstangen, samt stått to bautasteinar på Prestegarden. Desse gardane låg tidlegare under Lægreid, og gravminna kan såleis knytast til Lægreid (Lia 2007). Dei tre gardane hadde felles utskifting i 1865 (Jv. Kat. SF 77). Garden er fyrste gong nemnt i BK (42a). Då jordeboka vart skriven låg ein part av garden til prestebølet i Årdal. Det stod ei stavkyrkje på Lægreid. Denne var oppført før 1200. Gravminna og dei tidlege skriftelege kjeldene vitnar om at både Hovland og Lægreid er gamle og rike gardar. Lensmannen heldt til her i 1647. Då han slapp å betala skatt, er ikkje garden nemnt i Skattematrikkelen.

I Sogn er det eit gjennomgåande trekk at dei omfattande tufteområda frå jernalderen ligg under store og gamle gardar. Berre tuftene i Bjørndalen ligg på ein liten gard. Øyre er dessutan den einaste av dei undersøkte gardane i Sogn som var i bondeeige i 1647. Det kan henda at den låge jordleiga i 1647 skuldast at garden har lege aude etter Svartedauden. Ein gjennomgang av Skattematrikkelen frå 1647 av eigedomsforholdet til gardane med tilhøyrande store tufteområde i Sogn, viser at 49,1 % av eigarinteressene ligg, eller har få år tidlegare lege, i adelege hender. I 1661 var 22,9 % av dei totale jordegodmane i Sogn adelsgods (Weidling 2001:249). Dette viser at gardane med store tufteområde har vore attraktive for stormenn på 1600-talet. Kongen sat på 14,3 % av gardane i 1647, medan 14,6 % var sentralkyrkjeleg gods. Det er vanleg å tenka seg at gods som i 1647 var eigd av kyrkja, har vore krongods tidlegare. Lokale kyrkjer og prestar eigde 14,5 %. Desse eigedomane kan ein truleg føra tilbake til partar nemnde i BK, og er stort sett gjevne som sjelemessegods. Berre 1,4 % av dei omtala gardane var i 1647 bondegods.

## Nordfjord

Eitt av tufteområda me har undersøkt ligg i Nordfjord. Mange av gardane i Hjelledalen hadde frå gammalt av beiterettane i Skjerdingsdalen. På 1930-talet var det fire gardar som eigde Skjerdingsdalen; Mork, Grønfur, Grov og Skore. På Grov har det tidlegare lege eit gravfelt (oppteikna i 1870), og det er funne 53 jarnbarrar av ein type som kan daterast til vikingtid. Grov vart fyrste gong nemnt i skriftelege kjelder i BK (9b, 10b).

Gardane Grov og Guddal ligg sentralt plassert på same moreneflata opp frå Hjelledøla, med innmarksteigane om ein annan. Tidlegare var Guddal (Gutdal) namnet på heile Hjelledalen. Tuna ligg tett i kvarandre, og har lege i same område grunna rasfare. På gardane har det tidlegare lege store gravfelt. Til saman har det vore kjent 38 sikre gravminne og ein bautastein. I ei av gravene, forma som ein båt, vart det funne fire brosjar i bronse, 2 gullringar, 13 glasperle, spinnehjul, nøklar mm. Mange av dei andre gravminna er rikt utstyrte; både mansgraver med fulle våpensett og rikt utstyrte kvinnegraver. Det omfattande gravmaterialet og jarnbarrefunnet syner at gardane har rådd over store økonomiske ressursar. Som i Friksdalen ser utmarksressursane ut til å ha vore viktige for å oppnå rikdom. Hovudvekta av dei daterte

tuftene i stølsområda, både i Skjerdingsdalen og Glomsdalen, kan plasserast i tid til yngre jernalder. Dette fell saman med stordomstida for gardane i Hjelledalen. Ringtunanlegget frå vikingtid som ligg nede på Hjelle, må nok sjåast i samanheng med den store rikdomen på gardane i Hjelledalen i yngre jernalder. Tidlegare gjekk stølsvegen til Skjerdingsdalen via Glomsdalen.

Det er ikkje kjende fornminne på Mork og Skore. Det går fram av rettsdokument at Skore tidleg på 1700-talet er 200 år gamal. Før garden vart teken opp, hadde Grov støl her. På Fosnes er minst fire kjende gravminne med mellom anna fleire ulike våpen. Garden er fyrste gong omtala i skriftlege kjelder på 1500-talet (NRJ II 132).

Dei fire gardane betalte til saman 8,8 ls smør i landskyld i 1647, altså 2,2 ls i gjennomsnitt. Den store skred- og flaumfaren i Hjelledalen gav gardane der lågare skattar enn storleiken skulle tilseia. Trass i at gjennomsnittslandskylda her var mykje lågare enn den me såg i Sogn, var dette heller store og rike gardar i sitt distrikt. Når me tek med Guddal blir biletet enno klårare. Gjennomsnittleg betalte gardane i Oppstryn skipreide 1,9 ls i landskyld i 1647. Også eigedomsforholdet til desse gardane i 1647 var heilt annleis enn det som me såg for gardane i Sogn. 65,9 % av gardane som i dag eig Skjerdingsdalen var eigd av bøndene sjølv. Berre mindre delar i gardane var lokalkyrkjeleg gods, sentralkyrkjeleg gods og krongods. I 1661 var 2,3 % av alle jordeigedomane i Nordfjord adelsgods (Weidling 2001:249).

## Voss

I Voss kommune har me studert to tufteområde. Ved Tverrelva ligg tre stolar; Rekvestølen, Kvitlastølen og Steinestølen. Gardane som eig Tverrelvaområdet i dag er Rekve, Vestrheim og Steine. På Rekve er det kjent minst 8 graver frå jernalderen, fleire med rike gravfunn. Rekve er fyrste gong nemnt i skriftlege kjelder i 1308 (DN I 164). På Vestrheim er kjent minst ei grav. Vestrheim er nemnt i skriftlege kjelder fleire gonger på 1300-talet (m.a. BK 74 a; 76 b; DN II 54). I det eine diplommet kan me lesa om formueltstanden til ein som vil gifta seg med dottera til ein prest. Han eig mellom anna 16 månadsmatar i Vestrheim. På Steine er det kjent gjenstandsfunn frå vikingtid, eller mellomander frå ei hustuft sentralt i tunområdet, men garden er fyrste gong nemnt i skriftlege kjelder i 1691. Dette tyder på at her har vore gardsdrift også før Steine vart teken opp etter øydetida.

I 1647 var Rekve delt i tre tun som til saman betalte 8,6 ls. I gjennomsnitt betalte kvar gard 3 ls i denne delen av Voss skipreide. Saman med gravminna og at garden er nemnt i skriftlege kjelder allereie tidleg på 1300-talet (DN I 164), viser dette tilbake på ein gamal gard med økonomisk velstand. Me kan ikkje finna garden Vestrheim i Skattematrikkelen frå 1647. Dette kan tyda at Vestrheim har vore kongsgard.

I stølsregisteret frå 1930-talet går det fram at det var gardane Årnot, Fliseram, Dugstad og Lirhus som støla på Revhaugen. Både Dugstad og Lirhus har kjende gravminne, og begge gardane er nemnt i skriftlege kjelder i fyrste halvdel av 1300-talet (DN I 139 (1319), DN XII 68). Gardane er også nemnde i Bergens Kalvskinn (BK 79b, 75a). I 1647 betalte Dugstad 4 ls i landskyld, medan Lirhus betalte 3,6 ls. Gjennomsnittet i denne delen av Voss skipreide var 2,8 ls, noko som viser at begge dei to gardane var over gjennomsnittet store i 1647. Halvparten av Dugstad var i 1647 krongods, medan den andre halvdel var lokalkyrkjeleg gods. Det er ikkje kjende førhistoriske kulturminne på Fliseram. Garden er fyrste gong nemnt i skriftlege kjelder i 1611. I 1647 betalte garden 1 ls i landskyld, og var eigd av bønder. Truleg er Fliseram

Støl	Gard	Tal tufter	Landskyld 1647	Garden fyrste gong nemnt i skriftlege kjelder	Eigedomsforhold i 1647	Gravminne	Kyrkje/kapell i mellomalderen
Svolset (1)	Henjum	16	33 ls	1329	Adelsgods 80 %, Geistleg 20 %.	19	Ja
	Røysum	8	8,2 ls	BK	Krongods 40 %, Adelsgods 40 %, Geistleg 20 %.	14	
Hølseteli (3)	Åberge	22	20,9 ls	BK	Adelsgods 49,5 %, Krongods 30 %, Lokale kyrkjer 20,5 %	0	Ja
Bjørndalen (4)	Øyre	10	1 ls	BK	Bondegods 100 %	1	
Steinsete (5)	Ølmheim	10	11 ls	1308	Apostelgods 68,2 %, Lokale kyrkjer 31,8 %	4	Ja
Urutlekråi (6) og	Hovland	7 (12)	5 ls	BK	Krongods 50 %, Adelsgods 48 %, Lokale kyrkjer 2 %	14	
	Naddvik		4,6 ls	BK		14	
Fossdalen (8)	Læg Reid	3	—	BK	Lensmannen heldt til her	3	Ja
Gudmedalen (9)	Indreli	14	6 ls	BK? 47b	Sentralkyrkje 58,3 %, Lokale kyrkjer 41,7 %	2	
Skjerdingsdalsætra (10)	Skåre	11 (24)	2,3 ls	BK	Bondegods 100 %, Bondegods 50 %, Krongods 15 %, Bispegods 15 %, Presten 15 %, Kyrkja 5 %.	0	
	Grov		4,0 ls	BK		1 gravfelt opppteikna i 1870. (Guddal 38)	
Revhaugen (11)	Mork		1,0 ls	?	Lokale kyrkjer 100 %	0	
	Grøn fur		1,5 ls	?	Bondegods 100 %	4	
Rekvestølen (12)	Årnot	10	—	1695	—	2	
	Filseram		1,0 ls	1611	Bondegods 100 %, Bondegods 50 %, lokalkyrkjeleg	0	
	Dugstad		4,0 ls	1319	50 %, Bondegods, Adelgods, Krongods, Lokalkyrkjeleg gods	1	
Rekvestølen (13)	Lirhus		3,6 ls	1340		4	
	Rekve	3	8,8 ls	1308	Adelgods 44,2 %, Sentralkyrkjeleg gods 34,9 %, Lokalkyrkjeleg gods 15,1 %, Krongods 5,8 %	8	
Kvitlastølen (14)	Vestheim	17	8,8 ls	1300	—	1	
	Steine	6	—	1695	—	0	

Figur 5. Tabell med dei analyserte tuftgeområda og tilhøyrande gardar. Tal tufter, eigedomsforhold, storleik og kyrkjer.

teken opp etter øydetida. Gjennomsnittsgarden i denne årtingen betalte 1,3 ls. Garden Årnot er fyrste gong nemnt i 1695, og det er heller ikkje kjende fornminne. Både gravminna og dei skriftlege kjeldene tyder på at Dugstad og Lirhus kan først attende til førhistorisk tid.

## Samandrag

Svolset er eit omfattande tufteområde med variert bruk. Ut frå kunnskapen me har om dei andre tufteområda, ser dei ikkje ut til å vera like omfattande. Nokre område har like mange tufter, men då spreidd utover eit noko større område. Svolset har truleg vore eigd av ein av dei største gardane på Vestlandet i jernalderen og mellomalderen. Også fleire av dei andre store tufteområda ser ut til å ha lege under gamle og rike gardar. Særleg er dette tilfelle i Sogn, men også tuftene i Tverrelvaområdet og Skjerdingsdalen høyrer til under store gardar. Det er sannsynleg at rikdomen til Henjum og Røysum har samband med aktiviteten som har føregått i utmarka i jernalderen. Det er særleg interessant at dei mange rike gravene stemmer overeins med at drifta på Svolset verkeleg skaut fart i folkevandringstida. Dette trekket kjem også tydeleg fram i Skjerdingsdalen, der aktiviteten ser ut til å vera størst i yngre jernalder. Det er på den tida gardar i Hjelledalen syner stor rikdom. Utmarksområda har truleg spela ei viktig rolle for å oppnå denne rikdomen.

Dei fleste gardane med mange kjende fjelltufter frå jernalderen, har gjennom jernalderen, mellomalderen og i nyare tid vore mellom dei rikaste gardane i skipreida sitt (Figur 5). Det har vore kyrkje eller kapell på minst fem av gardane i mellomalderen. Det er tufteområda i Sogn som ligg på gardar med kyrkje, eller kapell. Frå dei fleste gardane er det skriftlege kjelder attende til 1300-talet, noko som tyder på at me kan trekka dei vidare bak i førhistorisk tid. På Vestlandet er det eit generelt samanfall mellom registrerte stølsområde og tal registrerte fornminne på gardane. Studien viser at midtre og indre fjordstrok i Hardanger, Sogn og Nordfjord er særleg funnrrike område i så måte.

## Summary

One of the largest groupings of mountain settlement sites in Western Norway is found at Friksdalen, Leikanger. Sixteen archaeological sites at Svolset can be dated from Roman times through to the end of the Viking age, indicating extensive activity for a period of about 500 years. Both archaeological and written sources reveal the farms at Henjum and Røysum to have had the overriding authority at Svolset, being old and wealthy farms, with Henjum occupying a privileged position. Several rich grave excavations dated to the period of mass migration into Norway, are contemporaneous with the period of greatest activity in Friksdalen and it seems likely, based upon the richness of the graves, that farming was lucrative enough to have generated a surplus of wealth. Using information gained from Henjum/Røysum and Svolset as a starting point, we studied 12 other sizeable sites in Sogn og Fjordane and Hordaland. There are 7 in Sogn, 1 in Nordfjord and 4 in Voss, Hordaland. Many of these lay beneath sites which showed signs of prosperity from the medieval period or earlier, particularly the farms in Sogn, but also in Nordfjord and Voss. It appears that the more prosperous farms had large clusters of buildings in the uncultivated outer fields and that extensive activity in the outer fields in the Iron Age, was a vital contributing factor to the prosperity of the farms. In this article we have included finds and investigations from the last 10 years, which offer a great deal of new information regarding mountain settlement sites.

## Litteratur

- Aksdal, J. og K.A. Valvik. 2004. *Tveddal og Breisete i Jondal kommune. Innberetning*. Kulturhistorisk registrering, Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune.
- Birkenes, L.Ø. 2007. *Reguleringsplan for Bråstøl. Del av gnr. 13 bnr 4, del av gnr. 27 bnr. 2 og del av gnr. 26. Odda kommune. Kulturhistorisk registrering*. Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune. Rapport 2, 2007.
- Birkenes, L.Ø. 2008. Kulturhistorisk registrering. Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune. *Kommunedelplan for Myrkdalen – kulturhistorisk forundersøking. Voss kommune*. Rapport 15, 2008.
- Bjørgo, T., Kristoffersen, S. og Prescott, C. 1992. *Arkeologiske undersøkelser i Nyset-Steggjevassdraget 1981-1987*. Arkeologiske rapporter 16. Historisk museum, Universitetet i Bergen.
- Bjørkli, B. 2008. *Rapport frå kulturhistorisk registrering. Hølseteli. Åberge, gnr. 14, stølsameige. Sogndal kommune*. Kulturavdelinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Furnes, S. 2001. *Registreringa av kulturminne frå eldre og nyare tid. Forsterking av hovudnettet i Sogn og Fjordane. Fardal-Meel. Sogndal, Leikanger og Balestrand kommunar*. Sak nr. 99/01789. Kulturavdelinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Gustafson, L. 1982: *Arkeologiske registreringar i Mørkri, Utlå- og Feigumvassdraget*. Arkeologiske rapporter 4. Historisk Museum, Universitetet i Bergen.
- Helle, K. 1982. *Bergen bys historie I. Kongssete og kjøpstad fra opphavet til 1536*. Bergen.
- Holmsen, A. 1937. *Økonomisk og administrativ historie. Norske bygder*. Bind IV. Sogn.
- Indrelid, S. 1988. Jernalderfunn i Flåmsfjella. Arkeologiske data og kulturhistorisk tolking. I: Indrelid, S., Kaland, S. og Solberg, B. (red.), *Festskrift til Anders Hagen*. Arkeologiske skrifter – Historisk Museum, No. 4: 106-120, Universitetet i Bergen.
- Kristoffersen, S. 1992. Utgravde lokaliteter frå jernalderen. I: Bjørgo, T., Kristoffersen, S. og Prescott, C. (red.) *Arkeologiske registreringar i Nyset-Steggjevassdragene 1981-1987*. Arkeologiske rapporter 16. Historisk Museum, Universitetet i Bergen: 147-284. Bergen.
- Kvamme, M. og K. Randers. 1982. *Breheimenundersøkelsene 1981*. Arkeologiske rapporter 3. Historisk Museum, Universitetet i Bergen.
- Lia, V. 2007. Læg Reid (gnr 6). I ein serie av nettartiklar om gardane i Årdal. *Arkeologi i vest. Forhistorie og eldre historie fram til reformasjonen* (www.sjf.no/arkeologi).
- Magnus, B. 1985. *Bygda, fjorden og fjellet. Systroend i fjern og nær fortid*.
- Magnus, B. 1986. Iron Age Exploitation og High Mountain Resources in Sogn. I *Norwegian Archaeological Review*, 19, (1): 44-50.
- Overland, A. 2001. *Vegetasjonshistoriske undersøkelser i Bjølsegrovassdraget, Kvam herad*. Paleobotanisk rapport frå Bergen Museum, Botanisk avdeling, Universitetet i Bergen.
- Randers, K. og M. Kvamme 1992: *Breheimen-undersøkelsene 1982-1984. II Stølsområdene*. Arkeologiske rapporter 15. Historisk Museum, Universitetet i Bergen. Bergen.
- Skrede, M.A. 2002. *Utmark og gard. Nærstudie av tuftgeområde i Friksdalen i Leikanger, Sogn og Fjordane*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi ved Universitetet i Bergen.
- Skrede, M.A. 2005. Shielings and landscape in Western Norway. – Research traditions and recent trends. I: Holm, I., Innset, S. og Øye, I. (red.) «Utmark». *The Outfield as Industry and Ideology in the Iron Age and the Middle Ages*. UBAS International 1. University of Bergen Archaeological Series.
- Skrede, M.A. 2007. Systroend – ei sentral jordbruksbygd på Vestlandet. I: *Systrendingen nr. 1-2*.
- Solberg, B. 2000. *Jernalderen i Noreg. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*. Oslo.
- Stang, G.B. 2003. *Kroken – gard og grend: arkeologisk punktundersøking i Kroken, Luster, Sogn og Fjordane*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi ved Universitetet i Bergen.
- Valvik, K.A. 1998. *Lee – en tradisjonell Vestlandsgård? En arkeologisk punktundersøkelse av gården Lee, Vik, Sogn og Fjordane*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi med vekt på Norden ved Universitetet i Bergen.
- Valvik, K.A. 2000. *Kulturhistoriske registreringar. A/S Tyssefaldene. Kraftutbygging i Eitrheims- og Tokheimsvassdraga. Tokheim gnr. 33, og Eitrheim gnr. 34. Odda kommune*. Kulturseksjonen. Regional utvikling. Hordaland fylkeskommune.
- Valvik, K.A. 2001. *Kulturhistoriske registreringar. Nye Bjølvo Kraftverk. Bjølsegrovassdraget*. Kvam Herad. Rapport nr. 3, 2001. Kulturseksjonen. Regional utvikling. Hordaland fylkeskommune.
- Valvik, K.A. 2002. *Kulturminne frå bronsealder til mellomalder i Tverrelvaområdet, Voss kommune*.

Marit Skrede og Tor Arne Valvik

- Kulturhistoriske registreringar*. Avdeling for Regional utvikling. Kulturseksjonen. Rapport 11, 2002.
- Valvik, K.A. 2009. *Innberetning registrering av kulturminne på øyestølen Bakken i Valldalen, Røldal, Odda kommune*. Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune.
- Valvik, K.A. 2010. *Statens vegvesen, Region vest. Kulturminne og kulturmiljø – Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Rv 15 Strynefjellet*. Asplan Viak.
- Weidling, T. 2001. Adelsgods i Sogn frå sent 1500-tall til 1661. I: *Heimen 4*. 2001:243-260.
- Øye, I., Julshamn, L., Bade, R., Valvik, K.A. & Åstveit, J. 2002. *Vestlandsgården – fire arkeologiske undersøkelser. Havnå, Grinde, Lee, Ormelid*. Arkeologiske avhandlinger og rapporter 8, Universitetet i Bergen.

### **Utrykte kjelder**

- Bergens Kalvskinn (BK).
- Diplomatarium Norvegicum (DN).
- Norske regnskaper og jordebøker (NRJ).
- Stølsregister frå 1930-talet. Institutt for sammenlignende kulturforskning.

### **Munnlege informantar**

- Mons Kvamme.